

Seksjon OT/PPT

Verksemdplan 2016-2019

Tiltaksplan 2017



Vi nyttar kompetansen vår til å sjå heilskapen. Det vi gjer i dag, skal òg kome framtidige generasjonar til gode.



Vi er ein pådrivar for utvikling og verdiskaping. Vi prioriterer og set høge mål.



Vi er i dialog med tilsette, innbyggjarar, kommunar og andre samarbeidspartnarar.

Innhald

Grunnlaget for planen	3
OT/PPT si rolle knytt til overordna mål 1:	4
OT/PPT si rolle knytt til overordna mål 2	4
OT/PPT si rolle knytt til overordna mål 3	4
Ambisjonar for arbeidet	5
Strategiar	5
Oversikt over arbeidsområda i Seksjon OT/PPT.....	6
PPT-området.....	6
OT-området	7
Satsingsområda 2017	9
Tiltaksplan 2017	10

Grunnlaget for planen

Seksjon OT/PPT sin plan er forankra i Opplæringslova og Hordaland fylkeskommune sine styringsdokument, og mål- og strategiplan for Opplæringsavdelinga.

OVERORDNA MÅL 1

Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov

Strategiar

- 1.1 Styrkje kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering
- 1.2 Styrkje samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv

OVERORDNA MÅL 2

Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv

Strategiar

- 2.1 Byggje ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling

OVERORDNA MÅL 3

Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet

Strategiar

- 3.1 Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå

OT/PPT si rolle knytt til overordna mål 1:

For å byggje opp under overordna mål 1 må OT/PPT ha endringsdyktige medarbeidarar som har kontinuerleg merksemd på endringar på opplæringsfeltet og i arbeidsmarknaden. OT/PPT må vere ein brubyggar på enkelt- og systemnivå og samarbeide aktivt med andre etatar og andre utdanningsnivå.

OT/PPT si rolle knytt til overordna mål 2

OT/PPT vil arbeide førebyggjande og målrette det systemretta arbeidet. Døme på dette er Psykologteamet i Hordaland, kursrekkjer, nærværsteam og samlokalisering med elevtenesta på fleire skular. OT/PPT vil aktivt nytte teknologi som Skype, videokonferansar, og vektleggje informasjon i media i større grad.

OT/PPT si rolle knytt til overordna mål 3

OT/PPT vil jobbe med haldningar i skule og bedrift og nytte ulike kanalar til dette. Døme kan vere gjennom Psykologteamet, ressursteamsamlingar og tiltak som Aspergerprosjektet. OT/PPT skal ha ein målretta kompetanseplan og ha god kunnskap om opplæringsløp, arbeidsliv og ulike vegar til målet. Ein vil ha eit større resultatfokus på begge fagområda og ha ein god evalueringspraksis. Det skal gjerast analyse og kvalitetssikring av sakkunnearbeidet. Vidare skal det i større grad gjerast analyse av innrettinga av arbeidet i forhold til status og endringar i omgivnadene. Det er eit mål å forenkle sakkunnearbeidet og prioritere arbeidet inn mot skulane når det gjeld opplæringsmål.

Verksemd- og tiltaksplanen er grunnlaget for OT/PPT si organisering, satsingsområde og tiltak. Planen skal sikre at verksemda kan møte framtidige behov på ein profesjonell måte.

Planen er forpliktande for alle som arbeider i Seksjon OT/PPT.

Til verksemdplanen vert det utarbeidd ein årleg handlingsplan for sentrale og lokale tiltak.

Ambisjonar for arbeidet

- Seksjon OT/PPT vil gi tenester med høg kvalitet og ha rett kompetanse
- Seksjon OT/PPT vil vere ei godt organisert teneste
- Seksjon OT/PPT vil vere aktiv deltakar i arbeidet med å auke gjennomføring i opplæringa
- Seksjon OT/PPT vil vere tydeleg og tilgjengeleg
- Seksjon OT/PPT vil vere ei heilskapleg teneste som nyttar ressursane på ei fleksibel måte

Strategiar

- Seksjon OT/PPT vil i større grad arbeide systemretta
- Seksjon OT/PPT vil arbeide prosjekt- og oppdragsbasert
Å jobbe prosjektbasert vil seie at vi arbeider etter ei bestilling eller med oppgåver som har ei grunngeving, er tidsavgrensa, har eit tydeleg mål, ei tydeleggjering av ansvar og ein plan for gjennomføring.
- Seksjon OT/PPT vil innrette eiga kompetanseutvikling og kunnskapsdeling i takt med definerte behov i målgruppene.
Kompetanseplanen skal vere forankra i satsingsområda og vere eit tema i medarbeidersamtalen. Kompetansen skal nyttast på ein fleksibel måte
- Seksjon OT/PPT vil ta initiativ og ha ei aktiv rolle mot aktuelle samarbeidspartnarar internt og eksternt
- Ta aktivt i bruk ulike informasjons- og kommunikasjonskanalar

Oversikt over arbeidsområda i Seksjon OT/PPT

PPT-området

1. Individoppdrag	2. Organisasjonsoppdrag	3. Tilleggsoppgaver
Sakkunnearbeid i samsvar med Opplæringslova	Tingingar frå skulane på rettleiing og kurs	
Sakkunne for elevar i grunnskulen som bur i institusjon		Bidra i ressursteamsamlingar
Kartleggings- og utgreiingsarbeid		Ulike informasjonsoppgåver
Støtte- og motivasjonssamtaler		Delta i utviklingsarbeid internt og eksternt
Forebyggjande arbeid		
Fast møte med kvar skule sitt ressursteam etter ein plan		
Oppdrag		

OT-området

1. Individoppdrag	2. Organisasjonsoppdrag	3. Tilleggsoppgaver
Koordinering: Sikre tverretatleg samarbeid om den enkelte ungdom Oversikt og registrering Informasjon Kontaktetablering Rettleiing Oppfølging	Koordinering: Sikre samarbeid mellom instansar medansvar for målgruppa	Bidra i ressursteamsamlingar Ulike informasjonsoppgåver Delta i utviklingsarbeid internt og eksternt
Arbeide forebyggande		
Formidle og samordne tilbod		
Avklaringssamtaler		
Fast møte med kvar skule sitt ressursteam etter ein plan		
Oppdrag		

Verdiar vi arbeider etter

Dei viktige verdiane i Hordaland fylkeskommune er *kompetent, offensiv og i dialog*. Seksjon OT/PPT er profesjonell og skal framstå som òi teneste i verdiar og handlingar gjennom å:

- Skape meiningsfull opplæring for dei vi har ansvaret for
- Ha klare mål og prioriteringar
- Halde fast ved målsettingane og justere dei undervegs og ved behov
- Vere synleg som verksemd
- Vere stolte av det vi gjer
- Vere modige, trygge og kjenne oppdraget og rolla vår
- Vere offensive og i forkant
- Snakke kvarandre opp og fram og vere ein god kollega

Verksemdplanen med tilhøyrande handlingsplanar skal gje tydeleg retning for arbeidet og klargjere kva som skal være seksjonen sine årlege hovudfokus. Plan for gjennomføring av tiltaka skal fordelast på sentralt og lokalt nivå i seksjonen og skal vere nedfelt i lokale dokument som er opne for alle i Kvalitetssystemet.

Seksjon OT/PPT har som strategi å arbeide oppdrags- og prosjektbasert. Å jobbe på denne måten betyr at Seksjon OT/PPT arbeider etter ei bestilling eller med oppgåver som har ei grunngeving, er tidsavgrensa, har eit tydeleg mål, ei tydeleggjering av ansvar og ein plan for gjennomføring. Det er eit mål å nytte denne arbeidsforma både i satsingsområda, i individsaker og systemsaker.

Satsingsområda 2017

- 1. Synleggjere seksjonen sitt verksemdområde og bygge eit godt fagleg omdøme, og ha informasjonsstrategi som eit prioritert tiltak**
- 2. Tilby rettleiing og kompetanseheving på prioriterte område**
- 3. Styrke det tverretatlege og tverrfaglege samarbeidet i eit førebyggande perspektiv**
- 4. Effektivisere arbeidet rundt tilvising av saker**
- 5. Redusere tilviste enkeltsaker og auke tilviste systemsaker**

21.april 2017
Opplæringsavdelinga, OT/PPT

Nina Ludvigsen
Seksjonsleiar

Tiltaksplan 2017

1. Synleggjere seksjonen sitt verksemdområde og byggje eit godt fagleg omdøme			
OT	Ansvar/frist	PPT	Ansvar/frist
Ta i bruk sosiale medier som Facebook. Felles facebook side for heile OT/PPT. Vektlegge eigenprodusert materiale.	OT-leiar 1.juni	Ta i bruk sosiale medier som Facebook. Felles facebook side for heile OT/PPT. Vektlegge eigenprodusert materiale	PPT-leiarane 1.juni
Settje ned ei arbeidsgruppe og gje dei i oppgåve å utvikle gode powerpointpresentasjonar om OT oppdraget som OT kan bruke i ulike fora. Som rådgivarsamlingar, ressursteamsamlingar, rektorsamlingar og på samlingar med NAV, evt. andre samarbeidspartnere.	OT-leiar 15. mai	Fast sak på leiarmøte info om ulike kurs/tiltak /aktivitetar OT/PPT tilbyr. OT/PPT sjef formidlar til Opplæringsdirektøren si leiargruppe	Seksjonsleiar OT/PPT PPT-leiarane
Bruke årshjul aktivt i ressursteam i samarbeid med skule.	Alle som arbeidar i ressursteam	Bruke årshjul aktivt i ressursteam i samarbeid med skule	Alle som arbeidar i ressursteam
Marknadsføring av gode tiltak og aktivitetar på intranett.	Alle etter prosedyre	Påmelding og marknadsføring av alle aktivitetar som OT/PPT har på Intranett Informere om alle kurs i ressursteama	Alle etter prosedyre
Lage/bestille film frå Hyssingen om gruppe-tiltaket #Gameplan.	OT-leiar 1.juni	Vurdere i leiarmøtet om det er saker som har interesse for media	Leiargruppa
Gå igjennom statistikk og analysere saman med superbrukarane i OTTO. Sette opp konkrete og lokale mål	OT-leiar 1.september	Utvikle gode powerpointpresntasjonar om PPT oppdraget. Sette ned arbeidsgruppe. To frå nord og to frå sør. Gruppe vert bestemt 8. mai	PPT-leiar 1.september
Gjennomgå statistikk og analyse som eiga sak på OT rådgiversamlingar. Formidle og involvere OT i arbeidet med å nå måla	1.oktober		
Ha kontaktperson i OT i forhold til Aktiv ungdom. Invitere Aktiv ungdom (FIA) til OT-	OT-leiar	Gjennomgå statistikk og analyse som eige sak på PPT samlingar. Formidle og involvere alle i arbeidet	PPT-leiarane Mai og november på

1. Synleggjere seksjonen sitt verksemdområde og byggje eit godt fagleg omdøme

OT	Ansvar/frist	PPT	Ansvar/frist
rådgivarsamling to gangar i året. Evaluere samarbeidsavtalen mellom OT og Aktiv ungdom (FIA) en gang i året.		med å nå måla	planleggingsdag.

2. Tilby rettleiing og kompetanseheving på prioriterte område

OT	Ansvar/frist	PPT	Ansvar/frist
Profesjonalisering av rettleiingsarbeidet i OT som td kurs i coaching. Utarbeide eit kurs i bruk av coaching i rettleiing av ungdom. Tilby kurset internt i OT/PPT.	OT-leiar 1.oktober	Tilby IOP-kurs på skular kor ein ser behov i samarbeid med seksjon skule	PPT – leiarane 1.oktober
Tilby kurs med tema – Spillavhengighet - kordan møte ungdom og foreldre.	OT-leiar 1.oktober	Etablere kurspakker i regi av dei ulike nettverksgruppene på sentrale områder t.d. lese/skrivevansker, matematikkvansker, psykososiale vansker, mobbesaker osv.	PPT - leiarane

3. Styrke det tverretatlege og tverrfaglege samarbeidet i eit førebyggjande perspektiv

OT	Ansvar/frist	PPT	Ansvar/frist
Ta opp saker i Sør-Vest nettverket som bidrar til deling og felles praksis/metodikk i OT arbeidet.	OT - leiar	Utvikle nye tiltak i samarbeid med Statped. -Aspergersamling -Systemarbeid på Årstad vgs på Matematikk	PPT – leiarane 1.oktober

3. Styrke det tverretatlege og tverrfaglege samarbeidet i eit førebyggjande perspektiv

OT	Ansvar/frist	PPT	Ansvar/frist
		-Digitale hjelpemidler, Apper, nettbrett o.l.	
Ta opp saker i samarbeidsutvalet med Fagopplæring og NAV for å styrke det tverretatlege samarbeidet Evaluere samarbeidsavtalen mellom HFK og NAV ein gang i året	OT - leiar	Utvikle lokale tiltak som sikrar tverretatleg og tverrfagleg samarbeid saman i samhandlingsrådet for Fana/Ytrebygda	PPT – leiar Sør
Utarbeide ein rutine saman med Fagopplæring for korleis samarbeide rundt lærlingar og lære kandidatar som sluttar	OT - leiar		
Kompetansegivande dokumentasjon. I samarbeid mellom OT, Fagopplæring og NAV finne enkle måter å knytte opp arbeidspraksis til læreplanverk	OT - leiar	Utvikle lokale tiltak som sikrar tverretatleg og tverrfagleg samarbeid saman med PPT-nettverk i regi av Statped.	PPT - leiarane
Utarbeide ein individuell oppfølgingsplan i OTTO, under fritekst. Denne vert oppdatert undervegs og skal vere eit levande verktøy	OT – leiar 1.oktober		
Superbrukarane skal ha møte med kvart kontor ein gang i mnd for å registrere funn av ukjende og diskutere kva som er rett koding av aktivitet. Ha samarbeidsmøte med inntak og fagopplæring to ganger i året kor ein tar opp korleis vi registrerer informasjon og koder ungdom i VIGO og OTTO	OT - leiar	Utvikle tiltak i samarbeid med Solli DPS for å sikre betre gjennomføring for elevar med psykiske vanskar	PPT – leiar Sør 1.september
Aktivt arbeid innen SLT i kommunar som har dette	OT - leiar	Aktivt arbeid innen SLT i Kommunar som har dette	PPT - leiarane

3. Styrke det tverretatlege og tverrfaglege samarbeidet i eit førebyggjande perspektiv

OT	Ansvar/frist	PPT	Ansvar/frist
OT/PPT Inviterer kommunane til drøfting og overføringsmøter ein gang i året	OT - leiar	Halde fram det gode arbeide med drøfting og overføringsmøter med kommunane.	PPT - leiarane
Større nærvær og meir til stades på skular med stort fråfall kor vi er i ressursteam. Kontortid kor ein er tilgjengeleg for elevar og ansatte. Viktig at skulane har eit kontor til OT. Ta avklaringssamtaler på skulen uavhengig av område. Når det arbeides for å halde ungdomen i skulen	OT - leiar	Kontortid på skuler kor ein er tilgjengeleg for elevar og ansatte. Viktig at skulane har eit kontor til PPT	PPT - leiarane
Samarbeid med Hyssingen produksjonsskule. Ta i bruk kartleggingsmetode av no situasjon til ungdomen. Evaluere samarbeidsavten mellom OT og Hyssingen ein gang i året	OT – leiar OT – leiar og seksjonsleiar OT/PPT	PPT deltek i ressursteam på Hyssingen	PPT-leiar Sør
Delta i forskningsprosjektet og gjennomføre tiltaka draumeskulen og nærværsteam. OT har ein koordinerende rolle i nærværsteam	OT - leiar		
Utarbeide og gjennomføre gruppetiltak for ungdom i målgruppa som til dømes #Gameplan. Nettverket for gruppetiltak får i oppdrag å finne gode måleredskap og komme med innspill i forhold til spesielle målgruppe og kor ein gjennomfører tiltaket	OT - leiar		

4. Effektivisere arbeidet rundt tilvising av saker

OT	Ansvar/frist	PPT	Ansvar/frist
<p>Ta opp i ressursteam at OT ønsker å komme på avklaringsamtale på eit tidlegare tidspunkt for å være med å finne løysingar på skulen</p> <p>Ta opp i ressursteam når ein oppdager at skular sluttar elevar utan å involvere OT</p>	OT - leiar	Analysere skular som utmerkar seg i tal på tilvisningar	PPT - leiarane
		Tilby kurs/rettleiing til skular som ut frå statistikk har tilvist høgt antall individsaker	PPT - leiarane
		Drøfte alle saker grundig i RT før tilvisning	Alle som arbeidar i ressursteam
		Utarbeide rutiner for å avvise saker	PPT - leiarane

5. Redusere tilviste enkeltsaker og auke tilviste systemsaker.

OT	Ansvar/frist	PPT	Ansvar/frist
Bruke statistikk for å identifisere kommunar der det er behov for økt samarbeid.	OT - leiar	Bruke statistikk for å identifisere skular som treng vår innsats i form av kurs og rettleiing	PPT - leiarane
		Tilby observasjon av klassar og rettleiing av personal på skular	PPT - leiarane
		Tema på RT samling: «Frå individ til systemsak»	PPT - leiarane